

1 **F9: Behandlingstilbod innan rus og psykiatri**

2 **Framleggsstillar:** Sunnfjord SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Til handsaming.

4

5 Helse Førde har i ein innsparingsprosess foreslått å leggje ned døgntilbodet dei har
6 på Tronvik i Høyanger. Tronvik har i dag 15 sengeplassar med døgntilbod for rus og
7 psykiatrispasientar. Tillitsvald Bjørg Eli Nese ved Tronvik seier til Firda at nedbygging
8 av tilbodet vil gje færre behandlingmoglegheiter, og ei stor gruppe ruspasientar treng
9 eit døgntilbod som strekker seg over fleire dagar og veker. Nedbygginga av
10 sengeplassar inneberer ei overgang for fleire pasientar til poliklinisk behandling. Rus-
11 og psykiatrispasientar er ei sårbar gruppe, og det vil være ein verdi for samfunnet å ha
12 eit godt døgntilbod i regionen.

13 Liknande kutt ser ut til å vere føreslegne også andre stadar i landet når helseføretaka
14 skal gjere innsparingar. Dette rårkar sårbare grupper og mindre behandlingstilbod i
15 distrikta. Temaet bør sjåast på i eit fylkes- og landsdekkande nivå, og det må sikrast
16 at sårbare grupper får eit fullverdig tilbod og at kompetansemiljø får bestå.